

PRESSEMELDING

Til: Redaksjonar i Møre og Romsdal
Frå: NAV Møre og Romsdal
Dato: 5. september 2024
Emne: PRESSEMELDING 12/2024 - Sjukefråvær 2. kvartal 2024

Sjukefråværet i Møre og Romsdal likt med landsgjennomsnittet

I andre kvartal 2024 auka det legemeldte sjukefråværet i Møre og Romsdal frå 5,8 prosent til 5,9 prosent samanlikna med same kvartal i 2023. Det er mindre auke enn i landet, der sjukefråværet går frå 5,5 prosent til 5,9 prosent. Sunndal har lågast sjukefråvær med 4,3 prosent, medan Vanylven, Sykkylven og Vestnes har over 7 prosent.

Lågast sjukefråvær i Sunndal

Sjukefråværet i Møre og Romsdal er 2. kvartal 2024 på 5,9 prosent, det same nivå som resten av landet. Det er første gong på mange år at sjukefråværet i Møre og Romsdal ikkje er høgare enn snittet for landet.

Blant dei tre største byane er sjukefråværet lågast i Molde, med 5,5 prosent. I Ålesund er fråværet 5,8 prosent medan Kristiansund har eit sjukefråvær på 5,9 prosent. Ingen av desse tre kommunane har høgt sjukefråvær samanlikna med fylket.

Lågast sjukefråvær er det som vanleg i Sunndal kommune. Der er sjukefråværet dette kvartalet på 4,3 prosent. Men også her har fråværet auka noka dei siste åra, og tilbake i 2. kvartal 2020 var det på 3,3 prosent.

I tre kommunar er sjukefråværet på 7 prosent eller høgare. Det er i Vanylven med 7,7 prosent, Sykkylven med 7,1 prosent og i Vestnes med 7,0

Auke i sjukefråværet grunna psykiske lidningar


Fråværet innan psykiske lidningar har auka i fleire år, men for 1. kvartal i 2024 kunne vi melde om ein reduksjon i tapte dagsverk grunna psykiske lidningar. Den trenden varte ikkje inn i 2. kvartal. Dette kvartalet var det over 98 000 tapte dagsverk grunna psykiske lidningar, ei auke på nær 11 000 frå same kvartal i 2023. Delen av tapte dagsverk grunna psykiske lidningar er no 24,8 prosent. Det er ei auke frå 23,6 prosent i same kvartal 2023 og ei auke frå 20,1 i same kvartal i 2020.

Muskel- og skjelettlidningar er framleis den vanlegaste grunnen til sjukefråvær i fylket vårt. Fråvær grunna denne diagnosegruppa auka med meir enn 3 000 tapte dagsverk dette kvartalet, og utgjer 36,3 prosent av dei tapte dagsverka. Sidan andre diagnosar aukar meir, utgjer muskel og skjelettlidningar dermed ein lågare del av det totale sjukefråværet i 2. kvartal enn i tidlegare år.


NAV MØRE OG ROMSDAL

Kontaktperson: Direktør Stein Veland // telefon 930 33 656

Figur 1: Sjukefråværet i 4. kvartal siden 2015 – prosent



Figur 2: Sjukefråvær i Møre og Romsdal og landet siden 1. kvartal 2015 - prosent



Tabell 1: Sjukefråvær i Møre og Romsdal 1. kvartal - i prosent etter diagnose

2. kvartal	2019	2020	2021	2022	2023	2024
I alt	100	100	100	100	100	100
Allment og uspesifisert	5	4,9	6,1	6,4	7,8	8,4
Andre lidelser	9,3	9,4	8,4	8,5	8	8
Hjerte- og kar sykdommer	4,4	4,5	4,3	3,4	3,1	3,1
Muskel-/skjelettlidelser	41,4	41,6	40,6	37,6	38,1	36,3
Psykiske lidelser	20,1	19,1	21,7	21,9	23,6	24,8
Svangerskapssykdommer	5,3	4,8	5,2	4,1	4,6	5,1
Sykdom i fordøyelsesorganene	4,5	4,5	4,1	4,5	4,6	4,5
Sykdommer i luftveiene	4,3	5,8	3,8	8	4,3	3,8
Sykdommer i nervesystemet	5,6	5,3	5,8	5,5	5,8	6
Ukjent	*	*	*	*	*	*

Tabell 2: Sjukefråvær i Møre og Romsdal 2. kvartal 2024 - prosent etter fylker og kommunar

	2.kv 2020	2.kv 2021	2.kv 2022	2.kv 2023	2.kv 2024	Endring siste år
Landet	5,0 %	5,1 %	5,2 %	5,5 %	5,9 %	7,1 %
Fylker	2.kv 2020	2.kv 2021	2.kv 2022	2.kv 2023	2.kv 2024	Endring siste år
Agder	5,6 %	5,6 %	5,6 %	5,8 %	6,2 %	5,8 %
Akershus	4,8 %	4,9 %	5,1 %	5,3 %	5,9 %	11,0 %
Buskerud	5,3 %	5,2 %	5,3 %	5,7 %	6,0 %	5,4 %
Finnmark	6,1 %	6,6 %	6,4 %	6,5 %	6,6 %	2,5 %
Innlandet	5,6 %	5,5 %	5,6 %	5,8 %	6,0 %	4,1 %
Møre og Romsdal	5,4 %	5,6 %	5,7 %	5,8 %	5,9 %	3,0 %
Nordland	6,0 %	6,1 %	6,1 %	6,3 %	6,3 %	1,2 %
Oslo	4,0 %	4,0 %	4,3 %	4,5 %	5,1 %	11,6 %
Rogaland	4,4 %	4,7 %	4,6 %	4,7 %	5,1 %	8,0 %
Telemark	5,5 %	5,5 %	5,5 %	5,8 %	6,2 %	7,5 %
Troms	5,6 %	5,9 %	6,0 %	6,2 %	6,6 %	6,2 %
Trøndelag	5,2 %	5,3 %	5,3 %	5,7 %	5,9 %	3,7 %
Vestfold	4,9 %	5,1 %	5,2 %	5,5 %	6,0 %	9,5 %
Vestland	5,0 %	5,3 %	5,4 %	5,6 %	6,0 %	6,9 %
Østfold	5,4 %	5,5 %	5,9 %	6,2 %	6,8 %	8,7 %
Kommuner	2.kv 2020	2.kv 2021	2.kv 2022	2.kv 2023	2.kv 2024	Endring siste år
1505 Kristiansund	5,5 %	5,8 %	5,9 %	5,8 %	5,9 %	1,6 %
1506 Molde	5,1 %	5,3 %	5,5 %	5,4 %	5,5 %	3,0 %
1508 Ålesund					5,8 %	
1511 Vanylven	6,4 %	7,1 %	7,3 %	8,2 %	7,7 %	-5,8 %
1514 Sande	5,6 %	5,9 %	5,7 %	6,4 %	5,6 %	-12,8 %
1515 Herøy	5,6 %	6,0 %	6,1 %	5,7 %	6,1 %	7,7 %
1516 Ulstein	4,3 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,1 %	2,6 %
1517 Hareid	5,9 %	5,9 %	6,7 %	5,3 %	6,3 %	18,8 %
1520 Ørsta	6,1 %	6,4 %	5,6 %	6,2 %	6,6 %	7,4 %
1525 Stranda	4,9 %	5,9 %	6,0 %	6,7 %	6,2 %	-8,2 %
1528 Sykkylven	6,2 %	5,4 %	5,9 %	6,7 %	7,1 %	6,4 %
1531 Sula	6,0 %	5,9 %	5,8 %	6,0 %	6,0 %	0,6 %
1532 Giske	5,3 %	5,8 %	5,9 %	6,6 %	6,6 %	-0,9 %
1535 Vestnes	6,4 %	6,9 %	6,2 %	5,8 %	7,0 %	20,3 %
1539 Rauma	5,3 %	6,4 %	5,2 %	5,6 %	5,7 %	1,5 %
1547 Aukra	6,0 %	6,1 %	5,6 %	6,0 %	5,8 %	-3,0 %
1554 Averøy	6,4 %	6,1 %	6,6 %	6,2 %	6,0 %	-3,4 %
1557 Gjemnes	5,3 %	5,7 %	5,9 %	4,7 %	6,2 %	31,8 %
1560 Tingvoll	5,9 %	6,0 %	6,1 %	5,7 %	6,4 %	13,2 %
1563 Sunndal	3,3 %	3,7 %	4,2 %	4,0 %	4,3 %	9,6 %
1566 Surnadal	5,3 %	5,8 %	5,8 %	4,9 %	5,4 %	8,6 %
1573 Smøla	6,6 %	6,0 %	6,5 %	6,1 %	6,3 %	3,6 %
1576 Aure	5,4 %	5,4 %	5,6 %	5,4 %	5,9 %	10,8 %
1577 Volda	5,8 %	6,2 %	6,6 %	5,9 %	6,8 %	14,3 %
1578 Fjord	5,6 %	6,7 %	6,2 %	6,3 %	6,5 %	4,0 %
1579 Hustadvika	5,4 %	5,4 %	5,7 %	5,7 %	6,0 %	6,5 %
1580 Haram					5,4 %	
Sum Haram og Ålesund	5,2 %	5,4 %	5,4 %	5,8 %	5,7 %	-0,9 %